

Høyring av søknad om løyve til større slukeevne i Kvangreelva kraftverk i Kinn kommune i Vestland

NVE har fått ein søknad frå Kvangreelva Kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til å auke slukeevna i kraftverket frå 250 l/s til 480 l/s i Kvangreelva. Tiltaket vil gi ein auke i årleg kraftproduksjon på 2 GWh. Dette svarer til straumbruken til ca. 100 husstandar. Søknaden med vedlegg er lagt ut på NVE si nettside: www.nve.no/9297/V.

Alle som har meiningar om saka kan uttale seg. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via nettsida, per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Energi- og konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Merk brev eller e-post med «Høyringsfråsegn 202317615». Frist for å sende fråsegn er **21.08.2026**.